

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	22.08.2025
Vår referanse	2025/43777-7
Dykkar referanse	1d144f3c-0c7a-4a9c-8b3a-
Sakshandsamar	206761fc5822
E-post	Bjørnar Tjoflot
Telefon	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
	99100814

Høyringsvar til vurdering av konsesjonsplikt for opprusting og utviding av Årøy 1 kraftverk NVE-ref.: 202309676

Samandrag av hovudmerknader

Kulturminne og kulturmiljø

Det vert ikkje stilt krav om konsesjonshandsaming med bakgrunn i kulturminneinteresse så lenge ikkje utbygginga fører til større endringar i vassføringa som kan påverke kulturminna som ligg langs Elva.

Området har potensielt ukjende automatisk freda kulturminne. Det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avklare om tiltaket vil råke automatisk freda kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Uavhengig om tiltak krev konsesjon eller ikkje så skal tiltakshavar si undersøkingsplikt jf. § 9 i kulturminnelova oppfyllest.

Eksisterande kraftstasjon med tilhøyrande røyrgate er eit kulturminne frå 2. verdskrig. Vi rår difor til at eksisterande kraftstasjon med andre historieforteljande element vert bevart.

Vassmiljø

Vassførekomstane direkte påverka av kraftutvinninga er begge er rekna som sterkt modifiserte vassførekomstar. Ein bør ha ein ambisjon om å sjå på reelle miljøforbetrande tiltak i høve dette tiltaket.

Fylkesveggar og infrastruktur

Vi ber om ei avklaring rundt korleis planlagde tiltak påverkar fylkesvegen før vi kjem med ytterlegare uttale om dette tema i saka.

Bakgrunn

Sognekraft Produksjon AS ber om konsesjonsavklaring for rehabilitering og utviding av Årøy I kraftverk i Sogndal kommune. Planane inneber å erstatte det aldrande kraftverket med ein ny og moderne stasjon. Tiltaket omfattar oppgradering av eksisterande dam, nytt inntak, ny nedgraven røyrgate og ny kraftstasjon. Den installerte effekten er planlagt auka frå 3,7 MW til 9,9 MW, og maksimal slukeevne frå 3,5 m³/s til 9,0 m³/s.

Utfyllande vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt. Vestland fylkeskommune har ansvar for å ivareta nasjonale og regionale kulturmiljøinteresser, og tiltaka sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal avklarast og vurderast med tanke på verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, gjeld dette også steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap.

Automatisk freda kulturminne

I følgje våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne i område der det skal utførast tiltak, men område har likevel potensial for denne type kulturminne. Det er fleire kjende automatisk freda kulturminne i nærområde som indikerer at det har vore førhistorisk busetjing på Årøy. Øvst oppe på Borgarholt ligg ei førhistorisk bygdeborg (Askeladden id.35493) og på kanten av elveterassen ved utløpet av Årøyelvi ligg det fem gravhaugar (Askeladden id. 45520, 60588, 60589). Opp langs Årøyelva går den gamle ferdselsvegen mellom Sogndal og Hafslo, opphaveleg ei kløv- og rideveg før den vart utbetra til kjerreveg på midten av 1800-talet, og vart ein del av hovudvegnettet mellom Sogndal og Marifjøra. Vi minner om at det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne med mindre det er gjeve løyve til det, jf. lov om kulturminne §§ 4 og 3.

Det ser ikkje ut til at prosjektet kjem i konflikt med kjende kulturminne, og det vert difor ikkje stilt krav om konsesjonshandsaming med bakgrunn i kulturminneinteresse. Dersom den planlagde utbygginga fører til større endringar i vassføringa vil det kunne påverke kulturminna som ligg langs elva. Fylkeskommunen vil da vurdere å krevje at prosjektet vert konsesjonshandsama. Så lenge ikkje vasstanden vert endra, kan vi ikkje sjå at prosjektet vil påverke dei kulturminna som allereie er kjend.

Arkeologisk registrering

Kraftverket fekk konsesjon på 1940-talet, og det har aldri vore gjennomført ei systematisk arkeologisk registrering i område. Vestland fylkeskommune vurderer at det er eit potensial for nye funn av kulturminne innafør tiltaksområde, og at det i førekant av tiltaka vil vere naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avklare om tiltak i planen vil råke automatisk freda kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Uavhengig om tiltak krev konsesjon eller ikkje så skal tiltakshavar si undersøkingsplikt jf. § 9 i kulturminnelova oppfyllest.

I samband med ei undersøkinga kan det vere naudsynt å tilstandsregistrere kjende kulturminne som er som er utsett for erosjon, og som kan bli påverka av nytt kraftverk og ei eventuell endra vassføring, til dømes dei nemnde gravhaugane som ligg langs elva. Dersom den planlagde utbygginga fører til endringar i vassføringa vil det kunne påverke kulturminna som ligg her. Vi gjer merksam på at detaljplanen for prosjektet, ved konsesjon, ikkje kan ferdigstillast før den arkeologiske registreringa er gjennomført og fylkeskommunen har gjeve endeleg kulturminnefagleg uttale til planen.

Dersom den arkeologiske registreringa avdekkjer automatisk freda kulturminne som utbygginga kjem i konflikt med, må ein ta høgde for at tiltaka må justerast for å unngå konflikt med kulturminne. Om det ikkje er mogeleg å justere på tiltak for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne, kan det for viktige samfunnsmessige tiltak søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. Eventuell dispensasjon frå kulturminnelova vert gitt etter § 8, 1. ledd. Dette må skje før detaljplanen for prosjektet er godkjent av NVE, og i tilfelle konsesjonsfritak i god tid før tiltak vert set i verk.

For å kunne vurdere omfanget av ei eventuell arkeologisk registrering må vi få oversendt kart som syner heile tiltaksområde og område der det skal utførast fysiske inngrep.

Kulturminne frå nyare tid

Årøy vart bygd under 2.verdskrig og har sidan vore i drift. Kraftverket vart sett i drift for å forsyna Hafslo, Sogndal og Leikanger. Eksisterande kraftstasjon er bygd som uisolert betongbygg med relativt enkel standard. Trykkkrøyet i klinka svartstål ligg i dagen på konsollar fundamentert dels på fjell og dels på lausmassar.

I melding om rehabilitering og utviding av kraftverket står det at tiltaket ikkje vil ha negativ påverknad på kulturminne eller kulturmiljø. Eksisterande kraftstasjon med tilhøyrande røyrgate er eit kulturminne frå krigen. Kraftutbygginga som tyskarane sto for er lite utforska. Vi rår difor til at eksisterande kraftstasjon med andre historieforteljande element vert bevart. Fylkeskommunen stiller seg til rådighet for felles synfaring for å avklart dei dei kulturhistorisk interessene.

Vassmiljø

Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv – vassforvaltning, viser til førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for Årøy 1 kraftverk i Årøyvassdraget i Sogndal kommune. NVE ynskjer blant anna fråsegn knytt til status i høve vassforskrifta. Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta.

Godkjent regional plan for vassforvaltning skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, jf. vassforskrifta § 29 og plan- og bygningslova § 8-2. For Årøyvassdraget gjeld [Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027](#).

Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekomstane våre innan 2027. For sterkt modifiserte vassførekomstar er miljømålet at tilstanden skal vernast mot forringing samt forbetrast med sikte på at vassførekomsten skal ha minst godt økologisk potensial og kjemisk tilstand. I 2013 vart det utarbeida ein [rapport](#) i samarbeid mellom NVE og Miljødirektoratet for å sjå på ulike vassdrag i Noreg som kunne reviderast innan 2022. Her vart det løfta fram fleire vassdrag, mellom anna Årøyvassdraget. Det fekk ikkje høgaste prioritet, men i kategorien like under (1.2). I rapporten kan ein mellom anna sjå både vurdering av verdiar og påverknad, samt aktuelle tiltak føreslått den gongen.

Vassførekomstane direkte påverka av kraftutvinninga i Årøyvassdraget er i databasen vann-nett registrert som **Årøyelvi anadrom 077-112-R** med eit moderat økologisk potensial og **Årøyelvi øvre 077-113-R** med svært dårleg økologisk potensial. Begge er rekna som sterkt modifiserte vassførekomstar (**SMVF**), der Årøyelvi øvre har tidlegare fått unnatak frå miljømålet etter § 10 i vassforskrifta grunna at det vart uforholdsmessig kostnadskrevjande å skulle nå miljømålet for denne strekninga.

Medan det planlagde tiltaket kan gje nemnte positive effektar, som jamnare vassføringsendringar til fordel for laksen, gjev den store investeringa også eit særleg godt høve til å vurdere miljøforbetrande tiltak, og gjere ei heilskapleg vurdering av korleis dei førespegla hydromorfologiske endringane påverkar heile økosystemet. Moderniseringa er eit naturleg tidspunkt for å sjå på kostnadseffektive løysingar som kan betre det økologiske potensialet i elvestrengen, i tråd med måla i den regionale vassforvaltingsplanen. Å nå måla for SMVF i Vestland er svært krevjande og ein av hovudutfordringane i vassregionen. Ein bør difor ha ein ambisjon om å sjå på reelle miljøforbetrande tiltak i slike høve.

Fylkesveggar og infrastruktur

Ut frå vedlagte skisser kan det sjå ut som om arbeidet med oppgradering og utviding vil påverke fylkesveg 55 i ulik grad. Vi kan ikkje sjå at påverknad på fylkesvegen er omtala i dokumentet. Vi ber om ei avklaring rundt dette før vi kjem med ytterlegare uttale i saka.

Fagansvarleg sakshandsamarar:

- Energi; Bjørnar Tjøflot
- Fylkesveggar og infrastruktur; Janne Grønli
- Kulturminne og kulturmiljø; Silje Foyn og Inga Petronella Lindstrøm
- Vassmiljø; Øystein Wallevik

Med helsing

Bård Sandal
direktør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Bjørnar Tjoflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
SOGNDAL KOMMUNE	Postboks 153	6856	SOGNDAL